



Bøsseberarane

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/1400 - 18/13071

Saksbehandlar:

Stine Pedersen Sylta

stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:

10.10.2018

Informasjon til bøsseberarane for TV-aksjonen 21.10.2018

Takk for at du har tatt på deg å vera bøsseberar på denne nasjonale dugnaden for fellesskapet.

TV-aksjonen 2018 går til Kirkens Bymisjon som jobbar for at fleire mennesker skal få eit sårt trengt og livssviktig fellesskap.

Med årets TV-aksjon skal me saman opne fleire dører og skapa eit varmare samfunn med rom for alle. «Mindre alene sammen» er årets tematikk for aksjonen.

Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon har i år vore sett saman av:

Jostein Borlaug (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, Jon Magne Gabrielli, Torill Helland og Stine Pedersen Sylta (koordinator og materiellansvarleg).

Hugseliste:

1. Få tak i bøssa: Du må anten henta bøssa sjølv på rådhuset, eller du avtalar med rodeleiaren din om å få materiellet heim. Me ønskjer at flest mogleg hentar og kvitterer ut materiellet sjølv. Dette kan gjerast **på rådhuset torsdag 18. oktober kl. 14.00 - 15.30 eller fredag 19. oktober kl. 12.00-16.30.**

2. Sjølve innsamlinga: Søndag 21. oktober kl. 15.00 er det felles start for bøsseberarar. Det er viktig at du besøker alle husstandane på ruta di (sjølv sagt berre om tida strekk til). Hugs å vera legitimert med ID-kort godt synleg på ytterkleda. Dersom folk ikkje er heime, legg meldingslapp om at du har vore der **i postkassen**. Lappane vert utdelt saman med bøssene. Ungdom under 18 år, skal ikkje gå åleine med bøssa.

3. Innlevering av bøssa: For dei som går på Manger må bøssene leverast på **rådhuset** søndag 21. oktober **mellom kl. 17.00 og 18.00 (seinast 18.00)**. For dei andre står det informasjon på **vedlagte liste om kvar og til kven du skal levera bøssa**. Det er viktig at du sjekkar at innleveringa di er registrert av rodeleiar eller av den som tek i mot på rådhuset.

4. Har du spørsmål? Kontakt rodeleiaren din.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Med helsing

Stine Pedersen Sylta
konsulent

Jostein Borlaug
varaordfører, leiar for aksjonskomiteen

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Bøsseberarane